

TROMSPRODUKT AS
Postboks 3454
9276 TROMSØ

Dykkar ref:
Vår ref: 2014/221056
Dato: 01.10.2014
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



TILSYNSRAPPORT MED VARSEL OM VEDTAK - Etter tilsyn med detaljomsetning og servering av mat og drikke

Mattilsynet Region Troms og Finnmark gjennomfører hausten 2014 ein tilsynskampanje i serveringsnæringa. Formålet er å sjå på hygienen i næringa og å informera om den komande smilefjesordninga som starter i 2015. Tilsynskampanjen vil bli oppsummert i ein rapport som blir ferdigstilt ved årsskiftet.

Mattilsynet gjennomførte 01.10.2014 inspeksjon hos TROMSPRODUKT AS.

Frå Mattilsynet møtte førsteinspektør Lars Einar Jensen og seniorinspektør Astrid Einevoll.

Grete Rafaelsen var med frå virksomheten.

Tilsynet omfatta

- Kafe Globus Storgata - Tromsprodukt AS

Hovudinstrykk

Orden og reinhold var gjennomført og bra, Det syntes å vera god opplæring av personalet som var tilknytta.

Emballasje som skal brukast i direkte kontakt med næringsmidler må vera tildekka og sikra mot forurensing.

Kjølevarer som blir frosne ned må merkast med innfrysingsdato eller loggførast på anna måte. Temperaturer i kjøleinnretninger vart sjekka og notert. Men det var ikkje gjort tiltak når temperaturane var for høge.

Vi har difor sett det nødvendig å varsle følgjande vedtak:

Varsel om vedtak om pålegg

Virksomheten må få på plass rutinar og tiltak ved for høge temperaturer i kjøleinnretninger. Varselet er gitt med heimel i næringsmiddelhygieneforskriften § 1 jf vedlegg II, kapittel IX Bestemmelser som får anvendelse på næringsmidler

Vi har observert:

Det er notert høge temperaturer på kjøleinnretninger utan at der er gjordt tiltak.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Kjølekjeden og temperaturkontroll er vesentleg for matsikkerhet og kvalitet. Kjølevarer skal lagrast i temperatur mellom -1 og + 4 C. Kjølevarer som er blitt lagra i høg temperatur over tid må kastast. Mattilsynet varsler vedtak i denne saka fordi lagrings- temperatur er så viktig for mattryggheten.

Frist for gjennomføring vil bli sett til: 15.10.2014

Sjå vedlegg til tilsynsrapport.

Med helsing

Arne Mjøs
distriktssjef

Vedlegg:
Vedlegg til tilsynsrapport
Uttalelse til varsel om vedtak

VEDLEGG TIL TILSYNSRAPPORT

Heimel for tilsyn

Mattilsynet har i samsvar med matlova § 23 heimel til å føre tilsyn og gjere nødvendige vedtak for gjennomføring av det som er bestemt av lova.

Uttalerett

Vi har i denne rapporten gitt varsel om vedtak. De har rett til å uttale dykk om innhaldet i varselet før det blir gjort vedtak. Fristen for uttale er **13.10.2014**. De har òg rett til å få rettleiing av Mattilsynet og innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 11, 18 og 19.

Gebyr ved oppfølgingstilsyn:

Dersom Mattilsynet må gjennomføre eit nytt fysisk tilsyn for å kontrollere at vedtak er etterkomme, vil det bli ilagt eit gebyr på kr 2085,-. Krav om gebyr er heimla i forskrift 22. desember 2008 nr. 1621 om offentlig kontroll med etterlevelse av regelverk om fôrvarer, næringsmidler og helse og velferd hos dyr (kontrollforskriften) § 1, jf. kontrollforordningen artikkel 28, jf. forskrift 28. januar 2004 nr. 221 om avgifter og gebyr i matforvaltningen § 15a.

Verksemda er vurdert etter følgjande regelverk

- FOR 1994-12-15 nr 1187: Forskrift 15. des. 1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelavgivningen (internkontrollforskriften for næringsmidler)
- FOR 2008-12-22 nr 1623: Forskrift 22. des. 2008 nr. 1623 om næringsmiddelhygiene (næringsmiddelhygieneforskriften)
- FOR 2008-12-22 nr 1620: Forskrift 22. des. 2008 nr. 1620 om allmenne prinsipper og krav i næringsmiddelregelverket (matlovsforskriften)

Vi har registrert brot på følgjande krav i regelverket:

- Næringsmiddelhygieneforskriften § 1, forordning (EF) nr. 852/2004 vedlegg II, kapittel IX Bestemmelser som får anvendelse på næringsmidler

Mattilsynet Distriktskontoret Nord-Troms
v/ Astrid Einevoll
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal

Dykkar ref:
Vår ref:
Dato:
Org.nr:

UTTALE TIL VARSEL OM VEDTAK

Vi viser til varsel om vedtak frå Mattilsynet, Distriktskontoret Nord-Troms gjeve i rapport med dato 01.10.2014 og saksnummer 2014/221056 med uttalerett innan 13.10.2014.

Uttale frå: TROMSPRODUKT AS

Uttale

Her er merknader som er viktige for saka / ei skriftleg framstilling av utførte eller planlagde tiltak.

☐ Andre opplysningar som vedkjem saka, til dømes utfylt skjema for avvikshandtering, er lagt ved.

Varsla vedtak	Frist for gjennomføring	Uttale
Virksomheten må få på plass rutinar og tiltak ved for høge temperaturer i kjøleinnretninger.	15.10.2014	

Stad:
Dato:

.....
Ansvarleg for verksemda

